




ÅRSMELDING ETNE FRIVILLIGSENTRAL 2024

Etne Frivilligsentral er ei stifting. Stiftinga består av:

- Etne Kommune,
- Etne Røde Kors
- Skånevik Sokneråd

DEFINISJON: FRIVILLIGSENTRALEN ER MANGFALDIGE MØTEPLASSAR BYGD PÅ PREMISSANE TIL DEI FRIVILLIGE OG LOKALE ØNSKJE, VARETEKE AV TILSETTE I SAMHANDLING MED FRIVILLIGE, LAG & FOREININGAR OG KOMMUNEN.

Me jobbar for å stimulera til auka frivillig innsats, og å skapa fleire møtepunkt mellom menneske i lokalsamfunnet.

Målet er å initiera og følgja opp prosjekt som oppstår frå grasrota, og som er til lokalsamfunnets beste.

Me jobbar for å byggja ned fordommar, auka mangfaldet og å auka deltakinga til ekskluderte og passive grupper av befolkninga.

Sentralen er ein møteplass for lokalt utviklings- og nærmiljøarbeid, og ein arena og brubyggjar mellom enkeltmenneske, frivillige lag, organisasjonar og det offentlege.

VISJON: «SAMAN SKAPER ME GODE OG INKLUDERANDE LOKALSAMFUNN»

Frivilligsentralen har en Dagleg leiar i 100% stilling.

Dagleg leiar har brukt tid på å få til gode arenaer for samarbeid med både frivillige, andre lag & organisasjonar, næringsliv og i de ulike kommunale sektorane.

DET BLIR ANSLÅTT Å HA BRUKT OM LAG 10 000 FRIVILLIGE TIMAR I 2024.

Styremedlemmer i Etne Frivilligsentral 2024

NAVN:	ROLLE:	FORHOLD:
Asbjørn Opedal	Styreleiar	Etne Røde Kors
Eva Jemli	Styremedlem	Etne Kommune
Lars Øyre	Styremedlem	Skånevik Sokneråd
Ingrid Sævareid	Styremedlem	Frivillig
Berit Haaland	Vara	Etne Røde Kors
Ragnhild Underhaug Ness	Vara	Etne Kommune
Iren Ness	Vara	Skånevik Sokneråd
Maria Moe Skulerud	Vara	Frivillig
Solveig Kvamme	Dagleg leiar	Tilsett

Regnskap: Tveit Regnskap

Revisor: tsrevisjon

Styret har hatt 4 styremøte, der nokre av møta har vorte utvida til kreative møte som også vararepresentantar møter uavhengig om styremedlemmene er til stades. Styremøta inneheld faste saker som økonomi, aktivitetar og planar. Det er halde 1 årsmøte.

Drift:

2024 Har vore eit år med mange aktivitetar og arrangement.

Me har bidrege med plakatar og anna marknadsføring til arrangement i regi av ulike lag, og lånt ut lokala ved behov. Me har også hjelpt til med søknadsskriving for lag og organisasjonar.

Sentralen har eigne aktivitetar på Frivilligsentralen 2 dagar i veka. 3 dagar i veka er lokala leigd ut til Arbeid & Aktivitet, psykisk helse og rustenesta i kommunen.

Frivilligsentralen har ca. 80 frivillige, nokon er frivillige dagleg, andre vekefast og månadleg, medan nokon er frivillig ein gong og 2 i året.

Me har frivillige i alle aldrar, men hovudtyngda av frivillige er pensjonistar.

Me har eit godt samarbeid med andre lag, private organisasjonar og Etne kommune.

Me har eit godt samarbeid med Vindafjord Frivilligsentral og har hatt ein del felles aktivitetar/arrangement i 2024.

Dagleg leiar har ein fast kontordag annakvar veke i Skånevik.

Dagleg leiar har delteke på ein Fagdag og Landsmøte i 2024 i regi av Norges Frivilligsentraler.

Dagleg leiar for Frivilligsentralen i Etne har også vore nettverksleiar for nettverk Sunnhordaland sidan 2018, dette nettverket består av 9 Frivilligsentralar (2 i Kvinnherad) og me har hatt 3 samlingar i 2024.

Nettverk Sunnhordaland:



NETTVERK SUNNHORDALAND

Frivilligsenter:	Navn:	Telefon:	E-post:	Org.form:
Stord Frivilligsentral	Margunn H. Vassdal	90 01 84 04	margunn.hamre.vassdal@stord.kommune.no	Kommunal
Tysnes Frivilligsentral	Bente Raknes	45 25 29 54	bente.raknes@tysnes.kommune.no	Kommunal
Tysnes Frivilligsentral	Trine-Lise Aasen	90 22 90 99	trine.lise.aasen@tysnes.kommune.no	
Bømlo Frivilligsentral	Anne Johannessen	93 06 10 66	post@bomlo.frivilligsentral.no	Forening/Lag
Bømlo Frivilligsentral	May Brit Alvsåg	45 06 54 39		
Austevoll Frivilligsentral	Margrethe Utkilen	99 20 36 37	margrethe.utkilen@austevoll.kommune.no	Kommunal
Austevoll Frivilligsentral	Natalie Elholm	92 82 91 14	Natalie.mariell.elholm@austevoll.kommune.no	
Fitjar Frivilligsentral	Ellinor A. Bergesen	97 14 37 85	ellber@fitjar.kommune.no	Stiftelse
Sveio Frivilligsentral	Guro Røher Eriksen	48 86 23 18	guro.roher.eriksen@bymisjon.net	Stiftelse
Kvinnherad Frivilligsentral	Veronica Thorsen	90 07 65 43	veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no	Kommunal
Kvinnherad Frivilligsentral	Anja Thunold	96 04 68 48	anja.thunold@kvinnherad.kommune.no	
Kvinnherad Frivilligsentral	Bente Nilsen	47 48 85 96	bente.nilsen@kvinnherad.kommune.no	
Etne Frivilligsentral	Solveig Kvamme	90 23 83 54	frivillig.etne@gmail.com	Stiftelse

A: Holmavegen 11
5590 Etne

T: +47 90 23 83 54

Konto: 3543.13. 38457

Web: etne.frivilligsentral.no

Org.Nr.: 988 816 191

For å kunne ha ein god dialog og samarbeid deltar Dagleg leiar i mange fora i Etne;

- SLT koordineringsgruppe (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak)
- Pårøranderråd ved Etne omsorgssenter
- Beredskapsråd i Etne kommune
- NAV tverrfaglege integreringsteam,
- Folkehelsetiltak, delteke i kartlegging
- God kontakt med skole og barnehage.
- Dagleg leiar deltek ved behov på møte hos andre lag og organisasjonar.
- Presentasjonar/foredrag av arbeidet vårt i ulike fora.

Me har mange aktivitetar ved omsorgssentera i Etne og Skånevik. Dei får månadlege aktivitetsskalendrar tilsendt, som er ei oversikt over alle aktivitetar som går føre seg månadleg.

Aktivitetsskalender Etne Omsorgssenter april 2024



Dato:	Dag:	Tidspunkt:	Aktivitet:	Sted:
03.04.2024	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløpa
04.04.2024	Fredag	11:00	Andakt	Stue 2. etasje
08.04.2024	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
08.04.2024	Mandag	16:00	Konsert «Den gode melodi» Lars Nygaard & Leif Blix	Foajeen
10.04.2024	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløpa
11.04.2024	Torsdag	10:30	Salg av klær fra Karema og sko fra basisfot	Foajeen
15.04.2024	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
17.04.2024	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløpa
18.04.2024	Torsdag	16:30	Den glade tralle «Trille» et samarbeid med 	Alle avdelinger
22.04.2024	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
24.04.2024	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløpa
24.04.2024	Onsdag	16:30	Allsang	Foajeen
25.04.2024	Fredag	11:00	Andakt	Stue 2. etasje
22.04.2024	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen

Aktivitetsskalender Skånevik Omsorgssenter april 2024



Dato:	Dag:	Tidspunkt:	Aktivitet:	Sted:
02.04.2024	Tirsdag	11:00	Andakt	Stue 1. etg.
02.04.2024	Tirsdag	12:00	Seniortrim	Stue 1. etg.
08.04.2024	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 1. etg.
09.04.2024	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 1. etg.
10.04.2024	Onsdag	11:30	Karaprat	Stue 2. etg.
15.04.2024	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 1. etg.
16.04.2024	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 1. etg.
22.04.2024	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
23.04.2024	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 1. etg.
24.04.2024	Onsdag	11:30	Karaprat	Stue 2. etg.
30.04.2024	Tirsdag	17:30	Gladssong	Stue 1. etg.

A: Holmavegen 11
5590 Etne
T: +47 90 23 83 54
Konto: 3543.13. 38457
Web: etne.frivilligsentral.no
Org.Nr.: 988 816 191

ARRANGEMENT OG MØTEPLASSAR SOM FRIVILLIGSENTRALEN ARRANGERTE/VAR DELAKTIG I

Arrangement/aktivitet	Hvem arrangere	Hvor ofte
Kafeen, ein sosial møteplass	Eigen regi	2 dagar i veka
Middag på Frivilligsentralen	Eigen regi	1 dag i veka
Lunsj på Frivilligsentralen	Eigen regi	1 dag i veka
Sitjedans	Eigen regi	1 dag i veka
Seniortrim i Etne og Skånevik	Eigen regi	1 dag i veka
Rusleturen, Etne omsorgssenter	Eigen regi	1 dag i veka
Onsdagsturen, Etne og Skånevik	Eigen regi	1 dag i veka
Måndagskaffien på omsorgssenter i Skånevik	Eigen regi	1 dag i veka
Bingo på Frivilligsentralen og omsorgssenter	Eigen regi	3 dagar i veka
Karaprat på omsorgssenter i Skånevik	Eigen regi	Annankvar veke
Ungdomsklubb i Etne og Skånevik	Eigen regi	1 dag i veka
Skyss heim frå ungdomsklubbane	Samarbeid m/Etne kommune	
Andakt på Frivilligsentralen	Samarbeid med Diakontjenesten	2 gonger i mnd
Andakt på Omsorgssenter i Skånevik og Etne	Samarbeid med Diakontjenesten	2 gonger i mnd
Språkkafe	Samarbeid med NAV, biblioteket og vaksenopplæringa	Annankvar veke
Drop-in datahjelp	Eigen regi	2 gonger i mnd
VR-gaming for unge mellom 12-99 år	Eigen regi	Annankvar veke
Open fritid	Samarbeid med biblioteket	1 gong i mnd
Allsang på Omsorgssenter i Etne	Eigen regi	1 gong i mnd
Glad song på Omsorgssenter i Skånevik	Eigen regi	1 gong i mnd
Kveldskafe for kreftramma og pårørende	Samarbeid med Frivilligsentralen i Vindafjord og kommunane	1 gong i mnd
Den glade tralle «Trille» salstralle på omsorgssenter i Etne	Samarbeid med Røde Kors	1 gong i mnd
Brukthjørna på Helsesenteret	Eigen regi	kvardagar
Handlehjelp	Eigen regi	Etter behov
Følgjehjelp til lege, sjukehus osv.	Eigen regi	Etter behov
Besøksvenn/turvenn	Eigen regi	Etter behov
Friluftslivets veke, aktivitetsdag for alle	Samarbeid med Turlaget, Røde Kors og Jeger og fisk	1 gong i året
Aktivitetsdagar på Frønsdal Gard	Eigen regi	1 gong i året
EtneLeikane, aktivitetsdag for menneske med nedsett funksjonsevne	Samarbeid med idrettslaget, Røde Kors og kommunen	1 gong i året
Sommarturen	Eigen regi	1 gong i året
Kyprostur	Samarbeid med Sveio Frivilligsentral	1 gong i året
Basar Omsorgssenter, loddsal og innsamling	Samarbeid med pårønderåd	1 gong i året

A: Holmavegen 11
 5590 Etne
 T: +47 90 23 83 54
 Konto: 3543.13. 38457
 Web: etne.frivilligsentral.no
 Org.Nr.: 988 816 191

Økonomi:

Frivilligsentralen har ein samarbeidsavtale med Etne kommune som vert reforhandla kvart 4. år.

Kommunen søker lotteri- og stiftelsestilsynet årleg om tilskot til Frivilligsentral.

For 2024 fordelte Lotteristiftelsen over årets statsbudsjett til Frivilligsentralar kr. 480.046, - Etne Frivilligsentral har motteke tilskot på kr. 840.000, - frå Etne kommune til å drifte sentralen i 2024.

I tillegg har me motteke midlar som er søkt på frå andre aktørar:

- Vestland Fylke for aktivitetsdagar for barn og unge.
- Elagsfondet, ny informasjonstavle og vestar til barn som vert brukt på arrangement
- Norges Frivilligsentraler til språkkafe
- Kraftkontrakten i Etne kommune til aktivitetsdag på Osnes
- Den kulturelle spaserstokken, ei nasjonal og kommunal kultursatsing for eldre
- Lions, Skånevik

Styret takkar alle bidragsytarar! Me har fått utretta mykje godt arbeid!

Marknadsføring:

Følgjande marknadsføringstiltak blei gjennomført i 2024:

- Eiga nettside med alle aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Gratis marknadsføring på Norsk Friluftsliv si nettside.
- Dagleg publisering på Facebook om kva tilbod som finns.
- Distribuert plakatar og informasjonsfaldarar i nærområde.
- Månadleg annonsering i Grannar med oversikt over tilboda me har.

Generelt/oppsummering:

Det fysiske arbeidsmiljøet ved Sentralen har vore tilfredsstillande gjennom året. Sentralen er godt etablert og er ein viktig aktør i Etne kommune.

Sentralen har som mål å vera eit knutepunkt i den frivillige aktiviteten i Etne kommune, med søkelys på samarbeid med andre lag, organisasjonar og kommunen. Frivilligsentralen er i ein særstilling når det gjeld å ha direkte kontakt med menneska i lokale samfunn, og skal kunne fange opp behov og trendar raskt.

Frivilligsentralen har kunna tilby eit breitt spekter av aktivitetar til menneske i alle aldersgrupper.

Sentralen har bidratt til å skape gode opplevingar, og eit levande og varmt nærmiljø for menneske i Etne kommune og nærliggande kommunar.

Styret er godt fornøgd med innsatsen til dagleg leiar med den jobben som er utført.

Me rettar ein stor takk til alle frivillige som har vore med på å gjera Frivilligsentralen synleg også i 2024.

Alle har noko å gi og alle treng ei hand!

Me brenn for at menneske skal møtast og berika kvarandre!

Å bidra for andre gjennom frivillig innsats skapar ny mening i livet!



Etne 06.03.2025

Styret